

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Vår dato: 10.12.2014  
Vår ref.: 201302612-5  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 03.09.2014  
Dykkar ref.: 13/510-160

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## Fråsegn til offentlig ettersyn av kommuneplanen for Voss 2015-2026 Voss kommune

Vi syner til brev datert 03.09.2014. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanen for Voss. Høyringa gjeld både samfunnsdelen og arealdelen. NVE si fråsegn er hovudsakleg retta mot arealdelen.

### Naturfare

NVE er nøgd med at Voss kommune i stor grad gjer seg nytte av den kunnskap som alt finnast om område med reell og potensiell naturfare i kommunen. Aktsemdkart for ulike skredtypar, marin grense og flaumsonekart er nytta som utgangspunkt for å definere omsynssoner i plandokumenta.

På bakgrunn av den store flaumhendinga sist i oktober er NVE no i ferd med å gjere nye flaumberekningar for Vangsvatnet og Evangervatnet. Dette arbeidet er prioritert hjå NVE. Hendinga kan påverke storleiken på ein berekna 200 års flaum. Voss kommune vil, når flaumberekningane er ferdig, få tilgjenge til nye kotehøgder for Vangsvatnet og Evangervatnet for ein 200 års flaum. Det vil og verte berekna kotehøgde for 200 års flaum i år 2100 basert på forventa klimaendringar. NVE rår Voss kommune til å nytte resultatet av dei nye flaumberekningane i kommuneplanen. Vi rår til å nytte klimaframskrivne data. Kotehøgder for flaum i Vangsvatnet og Evangervatnet kan nyttast til å avgrense ei omsynssone Fareområde flaum heilt rundt både Vangsvatnet og Evangervatnet.

Voss kommune har valt å markere omsynssoner for ulike naturfarar og område på ulike kart. Dersom kommunen vel løysingar med fleire plankart skal alle plankart ha teiknforklaring, komplett tittelfelt, syne kor mange kart planen er sett saman av, og samanhengen mellom dei. Dette meiner vi ikkje er tilstrekkeleg gjort no. Til dømes er omsynssone for flaum rundt Lundarvatnet og Melsvatnet lagt inn på eit eige kart som vi ikkje kan finne referanse til annan stad i planmaterialet. I Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister del 1 kap. 1.3.1 kan ein sjå meir om bruk av fleire kart i plan.

I eit plankart er potensiell skredfare henta frå fire ulike aktsemdkart og lagt over ein annan som fire, til dels overlappande omsynssoner. Voss kommune kan lage ei omsynssone av desse fire i staden for ei.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Kommunen vil likevel syne kva areal det vil vere naudsynt å vurdere skredfaren i, samstundes som kartet vert meir leseleg. NVE vil og rå til å ta bort aktsemdområde for snøskred (NGU) i dei områda NGI har vurdert skredfare. Slik planen er ser det ut som Voss kommune krav om nærare utgreiing av skredfare i store område der det ikkje skal vere naudsynt etter NVE retningsline 2/2011. Dersom kommunen gjer som tilrådd vil det kunne ryddast opp i føresegn pkt. 2.4, dvs. siste setning kan takast bort. Tilsvarande rydding kan gjerast i føresegn pkt.4.1. Det vil vere tilstrekkeleg å sette krav til sakkyndig vurdering av skredfare i alle plan- og byggsaker.

Det er elles viktig å understreke at aktsemdkarta på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) er eit utgangspunkt som kommunen bør supplere med eigne lokale vurderingar og kunnskap.

NVE syner elles til møte med Voss kommune og Statens kartverk 17.11.2014 der problemstillingar rundt plankartframstilling og bruk av aktsemdkart var drøfta grundig.

NVE er elles nøgde med at Voss kommune i føresegnene set krav om at fare for kvikkleireskred skal vurderast i alle område under marin grense. I den digitale løysinga på [www.vossakart.no](http://www.vossakart.no) finn vi omsynssona, men denne manglar på «papirkart». Vi er og nøgde med ei generell byggegrense på 50m frå vassdrag. Dette vil i dei fleste tilfelle sikre ny utbygging tilstrekkeleg tryggleik mot flaum i bekkar mindre elvar. Når det gjeld større elvar vil 50 m vere knapt. Langs desse bør gjere ei konkret vurdering og markere som aktsemdområde og omsynssone dei områda ein ikkje kan avskrive flaumfare for. Eit slikt generelt byggeforbod i uregulerte område vil ikkje sikre flaumsikker utbygging i ferdig regulerte område der flaum ikkje har vore vurdert i planprosessen.

Vi rår til å endre føresegna i pkt. 5a 3 avsnitt. Dersom kommunen skal sei noko om kva tryggleiksnivå som skal leggst til grunn kan ein ikkje legge berre 200 års flaum til grunn. Ny utbygging må minst oppfylle Byggeteknisk forskrift (TEK10) § 7-2 sine akseptkriterium.

## Vassdrag

Eit generelt byggeforbod i uregulerte område i eit 50 m breitt belte langs vassdrag er eit positivt bidrag til å sikre verdifull vassdragsnatur mot nedbygging. Det generelle forbodet vert likevel uthola ved at arealdelen i fleire tilfelle legg til rette for utbygging gjennom regulering nærare enn 50 m.

Vi merkar oss at Voss kommune vidarefører temakart og retningsliner for differensiert forvaltning av vassdrag i kommunen, her under for verna vassdrag. I konsekvensutgreiinga av det einskilde tiltak kan vi ikkje sjå at tiltaka er vurdert opp mot temakartet/retningslinene. Heller ikkje det einskilde tiltak sin verknad i høve til verneinteressene er vurdert. NVE rår Voss kommune til å gjere ei slik vurdering, synleggjere den, og ta ut område som vert vurdert å ha vesentleg negative konsekvensar, åleine eller samla, for verneverdiar i dei verna vassdraga.

Eit område R1 Løno er lagt inn i planen som område for råstoffutvinning. Ei lang rekke konsekvensar, mellom anna i høve til Lønaøyane naturreservat i det verna Vossovassdraget er uavklara. Området er bratt inn mot landskapsrommet som vassdraget renn gjennom. Avstanden mellom vassdraget og området for masseuttak er kort. NVE tek atterhald om å fremje motsegn til reguleringsplanen dersom konsekvensar for verneverdiane i vassdraget syner seg uakseptable.

Eit område R2 Bjørkemoen er sett av til råstoffutvinning. Det er planar om uttak av grus. Området ligg heilt inntil ei meanderande verna Raundalselv. Ei rekke konsekvensar, mellom anna konsekvensar for verneverdiar i verna vassdrag, ureining, risiko- og sårbarheit er uavklara. NVE er i utgangspunktet kritiske til planen kva gjeld dette området, og tek atterhald om å fremje motsegn til reguleringsplanen dersom konsekvensar for vassdraget, risiko- og sårbarheit syner seg uakseptable.

Eit område B43 Russarvegen er lagt inn som framtidig bustad i arealdelen. NVE meiner at dette området bør takast ut av kommuneplanen som framtidig bustadareal. Området skrånar bratt ned mot elva. I følge NGU sitt lausmassekart består grunnen av elveavsetningar. Den horisontale avstanden mellom elva og vegen er ca. 40 m. Ut frå flaum- og erosjonsfare meiner vi at dette området neppe eignar seg til framtidig bustadbygging.

### **Vassdrags- og energianlegg**

Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d) i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL §11-7 nr. 2.

Reguleringsmagasin bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing), med føremål ”Reguleringsmagasin” (PBL ” 11-8 d).

Vasskraftverk bør settast av som område for ”Bebyggelse og anlegg”.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune